



RADØY KOMMUNE

NOTAT

Dok. ref.

11/402-6/K1-144/LTA

Dato:

Manger: 26.10.2011

Ruspolitisk handlingsplan

Ruspolitisk handlingsplan

2011 - 2014

RADØY KOMMUNE

Vedtatt i kommunestyret 22.06.2011, sak 023/11.

Postadr.:
Krossvegen 8
5936 MANGER

Telefon:
56 34 90 00

Telefaks:
56 34 90 01

Bankgiro:
3636.07.00776

Org.nr.:
954 748 634

E-post:
postmottak@radoy.kommune.no

1. INNLEIING

Alkohollova legg til kommunen å ha ein alkoholpolitisk handlingsplan. Det kjem og fram i til råding frå Helsedirektoratet at kommunar bør ha ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Ruspolitisk handlingsplan i Radøy kommune vil freiste å vere retningsgjevande for alt rusførebyggjande arbeid i kommunen og for handsaming av sals- og skjenkeløyve.

Planen skal gjelde for ein periode på 4 år, og skal reviderast ein gong i kvar kommunestyreperiode. Ruspolitisk handlingsplan i seg sjølv er ikkje ein plan kommunen er pålagt å utarbeide med heimel i lov eller føresegn. Planen er meint å vere eit verkty for planlegging, organisering og styring av kommunen sin ressursinnsats og tenestetilbod på dette området.

Formålet med alkohollova (§ 1) er:

”Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.”

Lovverket legg til kommunen å løyse mange oppgåver innan rusmiddelfeltet. For kommunen gjeld det desse lovene:

- Lov av 2. juni 1989 nr. 7 om omsetning av alkoholholdig drikk m.m.
- Lov av 13. desember 1991 nr. 81 om sosiale tjenester m.m.
- Lov av 19. november 1982 nr. 66 om helsetjenesten i kommunene
- Lov av 17. juli 1992 nr. 100 om barnevernstjenester
- Lov av 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sykdommer
- Lov av 2. juli 1999 nr. 62 om psykisk helsevern

For å løyse problem knytt til alkohol og narkotika er det heilt nødvendig med samarbeid på tvers av einingane i kommunen. Mål, strategiar og tiltak på rusmiddelområdet vil difor gjelde både sosialteneste, helseteneste, skule, kultur- og organisasjonsarbeid.

1.1 Regjeringa sin handlingsplan mot rusmiddelproblem definerer rusmiddel

”Med rusmidler menes her alle stoffer som gir rus på grunn av sin virkning på hjernen. Disse omfatter alkohol, illegale stoffer (cannabis, amfetamin, heroin osv.), løsemidler og visse legale legemidler (sovemidler, beroligende midler). Felles for alle er at rusen vil være kjennetegnet av oppstemthet, konsentrasjonssvekkelse, hukommelse- og innlæringssvikt, kritikkløshet og endret stemningsleie”.

Forskning har vist at vaksne sin alkoholbruk og bruken av andre, avhengigheitskapande stoff blant ungdom og yngre vaksne heng saman. Strategi og tiltak for å redusere etterspurnad etter alkohol vil i stor grad vere dei same når det gjeld tiltak for å redusere etterspurnad etter narkotika. Helsedepartementet meiner difor at alle de rusmiddelpolitiske spørsmål som kommunen skal ta stilling til bør handsamast i ein heilskapleg, rusmiddelpolitisk plan. Dette gjer det enklare å sjå dei rusmiddelpolitiske utfordringene i samanheng og samstundes prioritere førebyggjande tiltak og hjelpetiltak ut frå den lokale situasjonen og kommunen sine egne behov.

Stortinget har vald å leggje hovudansvaret for handsaming av rustiltak i kommunane inn under sosialtenestelova. Kommunehelsetenestelova og barnevernlova har og heimel for rusføre-byggjande tiltak som omfattar målgruppa. I tillegg vert rusførebyggjande tiltak i skulen omfatta av grunnskulelova.

1.2 Radøy kommune sin planstrategi innan rusfeltet

Ruspolitisk handlingsplan har som siktemål å utvikla lokale strategiar innanfor rusmiddelarbeidet på tvers av alle sektorar med tanke på førebyggjande, problemløysande og støttande tiltak. Haldningsskapande og førebyggjande arbeid er og svært viktig om ein skal lukkast i arbeidet. Planen fokuserer på ei forsterka samordning mellom alle kommunale hjelpeinstansar.

Radøy kommune ynskjer å vidareutvikla rusfagleg kompetanse i samarbeid med spesialisthelsetenesta då ein til ei kvar tid ynskjer å tilby innbyggjarane eit godt og fagleg forsvarleg kompetent tenestetilbod innan rusomsorg. Fokus på styrking av rusfagleg kompetanse gjer at ein betre ser utfordringar og finn gode strategiar for førebyggjing, behandling, rehabilitering og oppfølging.

Ruspolitisk handlingsplan gjev elles ein oversikt over kva dei ulike einingar gjer av rusførebyggjande arbeid, konkretisert gjennom mål og tiltak, og den skal vise korleis einingane skal samordne arbeidet.

2. OMTALE OG VURDERING AV RUSMIDDELSITUASJONEN

2.1 Rusmiddelsituasjonen i Noreg

Alkoholkonsumet i Noreg har hatt ein tydeleg auke dei siste 10-15 åra og ligg no på det høgaste sidan 1870-åra. Auken har vore spesielt stor blant kvinner og unge i aldersgruppa 15-20 år. Noreg har likevel det lågaste forbruket i Europa, noko som i stor grad er resultat av ein effektiv alkoholpolitikk. Ei rekke studie har påvist ein tydeleg samanheng mellom det samla alkoholforbruket i befolkninga og det totale skadeomfanget. Skadebildet omfattar både kroniske sjukdomar knytt til langvarig bruk av alkohol, og akutte skader knytt til eit enkelt rustilfelle.

Forbruket av illegale rusmiddel blant ungdom ser ut til å gå ned, mens det er ein auke blant unge vaksne i aldersgruppa 21-30 år. Internasjonalt reknar ein med at ein tredel av alt stoffbruk i verden er misbruk av reseptlagde medikament, og at dette i stor grad er eit usynleg misbruk – også i Noreg. Dei illegale rusmidla som vert nytta i Noreg kjem nesten utan unntak frå andre land og narkotikasituasjonen i Noreg vert difor påverka av produksjonen i desse landa. I stadig større grad er også alkoholpolitikken sett på den internasjonale agendaen.

Det må forventast ein samanheng mellom psykiske lidningar og rusmiddelproblem og dess meir alvorlig ruslidningane er, dess høgare er førekomsten av psykisk lidningar. Kommunane har eit ansvar for å gje rusmiddelmissbrukarar eit heilskapleg tilbod som sikrar naudsynte helse- og sosialtenester som gjev moglegheit for bustad, utvikling av sosiale nettverk og eit liv med meiningsfulle aktivitetar.

I opptrappingsplanen for rusfeltet vert det presisert at det rusførebyggjande arbeid skal styrkjast, brukarane skal gjevast auka medverknad og pårørande, også barn og søsken av

rusmiddelavhengige, skal ivaretaast betre. (*Opptrappingsplanen for rusfeltet, statusrapport 2008*)

Kontrollar har avdekka fleire brot på alkohollova på skjenkestadar i 2008 enn i 2007. Likevel er det færre av brota som førte til at løyva vart inndregne. Talet på skjenkeløyve er tredobla sidan 1980. Over tid har fleire kommunar utvida skjenketidene i forhold til lova si normalt tid, som er til kl 01 for øl og vin og til kl 24 for brennevin. (*SIRUS rapport; "Kommunenes forvaltning av alkoholoven 2009"*)

2.2 Rusmiddelsituasjonen i Radøy

Bergensklinikkane har i 2010 gjennomført ei spørjeundersøking blant skuleungdomar i Lindås og Meland. Undersøkinga viser at ungdomane i nabokommunane våre kjem svært godt ut samanlikna med andre kommunar kring Bergen m.a. når det gjeld debutalder for rus og sex. Undersøkinga er truleg representativ også for Radøy. Me vil freiste å gjennomføre ei liknande undersøking i vår kommune i 2012.

Politiet syner til nedgang i kriminalitet gjennom mange år i lensmannsdistriktet. Dei seier narkotika ikkje er noko utbreidd problem sjølv om det også finst slikt misbruk i Radøy. Hovudintrykket er ikkje urovekkjande; - situasjonen ser ut til å vere nokonlunde stabil. Politiet meiner at den positive rusituasjonen har samanheng med at det vert drive mykje godt ungdomsarbeid i Radøy.

Det som har endra seg ein god del gjennom dei siste ti åra, er arenaene for festing og inntak av rusmidlar. Etter at det vart færre offentlege festar, er "lukka" heimefestar meir utbreidd. Dette medfører langt mindre kontroll og oversikt for ansvarlege vaksne og politiet. Desse festane trekkjer til seg ungdom heilt ned i 12-14 års-alder og langt opp i 20-års alderen. Den store spreinga i alder er ikkje heldig med tanke på rekruttering, lågare debutalder og dårlege haldningar til rus. Det er og kjent at ein del ungdomar drikk i helgene og tidvis midt i veka.

Ulike kartleggjingar viser imidlertid kva ungdomane ynskjer av foreldre og andre vaksne: Dei skal gå føre som gode eksempel, dei skal fortelje om negative biverknader av rusmidlar og dei skal ikkje kjøpe alkohol til ungdomar. Når det gjeld aktivitetar som ungdomane likar å halde på med, er det mange ynskje – ikkje minst uorganiserte aktivitetar der aktiviteten skjer på ungdomane sitt eige initiativ og der det sosiale er like viktig som aktiviteten. Møteplass for ungdom (ungdomslokale) er det som står øvst på ungdomane si ynskeliste i Radøy.

NAV, psykiatritenesta og barnevernet rapporterer om ein viss auke i saker der rusproblem er avgjerande.

Sjølv om ein er kjend med auken i alkoholkonsum rapporterer ikkje legane om ein auke i alkoholskader hjå pasientane sine.

I Radøy kommune skjer det mykje rusførebyggjande arbeid, der temaet "rus" blir tatt opp heilt frå svangerskapskontroll hos jordmor/lege og på samlivkurs, på helsestasjon i møte med foreldre til små barn og etterpå i haldningsskapande arbeid i barnehage og skule. Dette arbeidet er viktig og må videreførast, samtidig som det i større grad kan strukturast og løftast fram. Tverrfagleg team har ei viktig oppgåve når det gjeld samhandling for barn i risikosona. Helseteam finn ein snart på alle skular og barnehagar i Radøy. Samhandling mellom einingar når det gjeld vaksne med rusproblem er også ei utfordring å jobbe vidare med. Medikament- og alkoholmisbruk blant brukarar er og ei utfordring for heimesjukepleien, noko som er viktig å ta med i arbeidet framover.

2.3 Sals- og skjenkeløyve i kommunen

Radøy kommune har sal av alkoholhaldig drikk (høgst 4,7 volumprosent) i daglegvarebutikkar og det er gjeve 4 slike løyve:

Coop Hordaland BA - Coop Mega Manger
Tore Nesse AS - REMA 1000 Manger
Bøvågen Mat AS – Bunnpris
Sletta Handel AS – Joker

I Radøy kommune vart det seld ca. 160 000 liter alkoholhaldig drikk gjennom butikkane i 2009. Gebyra er kr 0,19 pr liter og det vart betalt inn ca. kr 30 000,- for 2009. Salet av alkoholhaldig drikk gjennom butikkane har vore rimeleg stabilt dei seinare åra.

Når det gjeld skjenkestader er det gjeve 4 løyve – to allmenne løyve og 2 til slutta selskap.

Allmenne løyve:

Kvalheim Fritid AS – Kapteinen
Bøvågen øl og vinstue (frå desember 2010)

Slutta selskap:

Samfunnshuset Skogen LL, Sletta
Radøystova AS, Sletta (frå mai 2010)

Alkoholomsetninga på skjenkestadene er svært liten og dei har difor betalt årleg minstegebyr kr 3500,- kvar.

Det vert elles gjev ein del ambulerande skjenkeløyve kvart år og i tillegg vert det gjeve nokre skjenkeløyve for einskildhøve m.a. til dansegallaer i Radøyhallen og revy på Sletta.

Samla inntekter på sals- og skjenkeløyve var kr 45 635,- i 2009 og kr 51 284,- i 2010. Til kontroll av sals- og skjenkestader vart det utgiftsført kr 6 985,- i 2009 og kr 16 506,- i 2010.

3. RUSPOLITISKE MÅL OG STRATEGIAR

3.1 Nasjonale mål og strategiar

I Regjeringa sin handlingsplan mot rusmiddelproblem 2006-2008 er nasjonalt hovudmål for rusmiddelpolitikken:

Ein betydeleg reduksjon i dei sosiale og helsemessige skadene av rusmiddelmisbruk.

”Opptappingsplanen for rusfeltet, statusrapport 2008” er eit samarbeid mellom mange departement og vert leia av helse- og omsorgsdepartementet. Gjennom arbeidet med denne planen skal menneske med rusmiddelproblem få tilbod om den hjelp, behandling og rehabilitering som dei har behov for og rett til. Samtidig skal det rusførebyggjande arbeidet styrkjast og brukarane og pårørande skal gjevast auka medverknad. I planen vert fem hovudmål presisert;

1. Tydeleg folkehelseperspektiv
2. Betre kvalitet og auka kompetanse
3. Meir tilgjengelege tenester
4. Meir forpliktande samhandling
5. Auka brukarmedverknad og betre ivaretaking av barn og pårørande.

Rusmiddelpolitikken omfattar både alkohol og narkotika. Den nasjonale planen mot rusmiddelproblem legg stor vekt på ein politikk som regulerer tilgjenget av rusmidlar.

3.2 Kommunen sine mål og strategiar

3.2.1 Overordna mål for rusmiddelpolitikken:

Radøy kommune vil støtte opp under dei nasjonale måla og strategiane. Alkohol ser ut til å vere inngangsporten til bruk av andre rusmiddel. Kommunen vil difor prioritere helsefremjande og førebyggjande innsats i forhold til ungdom og alkohol. Dette fordi hovudfokus må vere på å styrkje dei faktorane som skjermar barn og unge mot skader og belastningar knytta til eige eller andre sin bruk av rusmiddel.

Kommunene er grunnpilaren i velferdstilbodet. Kommunen har eit omfattande ansvar for tenester til menneske med rusrelaterte problem. Ansvaret følgjer av både sosialtenestelova og kommunehelsetenestelova.

Kommunalt rusarbeid må leggje vekt på å tenkje heilskapleg med førebyggjing, tidleg oppdaging og intervensjon saman med rehabilitering, behandling og skadereduksjon. Arbeidet omfattar alle typar rusmiddelproblem: alkohol, medikament og narkotiske stoff. Arbeidet må også omfatte dei sekundære skadeverknadene som kriminalitet, vald og liknande.

Eit tiltak som har vist seg å gi gode resultat er kartlegging av pasientar med risikofylt høgt konsum, og motivasjonssamtalar med desse pasientane i primærhelsetenesta. Her i Radøy er vi i gang med kartlegging av mellom anna gravide ved legekantoret og hjå jordmor.

I det rusførebyggjande arbeidet skal kommunen stille til rådvelde både akutt behandling og oppfølging. Kompetansehevande tiltak og samarbeid med spesialisthelsetenesta må ha høg prioritet. Dette for å sikre høg kompetanse og bruk av valide metodar i det rusførebyggjande arbeidet samstundes som behandling av avhengigheit krev spesialisthelseteneste i dei alvorlegaste sakene. Kommunen må samstundes søkje opp nyskapande arbeid som for tida finn stad i mange kommunar i Norge, og her er utvalet stort.

Visjon:

Radøy kommune skal ikkje ha rusmiddelrelaterte problem

Hovudmål:

Radøy kommune skal redusere og motverke misbruk av rusmiddel gjennom førebyggjande arbeid.

Mål for ulike innsatsområde

1. Førebyggje at ungdom under 18 år rusar seg

Strategi:

Redusere tilgangen på alkohol, og andre rusmiddel, spesielt mot ungdom.
Drive haldningsskapande arbeid overfor barn og ungdom, foreldre, lag og organisasjonar, politikarar, kommunetilsette og innbyggjarar.
Opprette nye og vedlikehalde rusfrie soner rundt barn og ungdom.
Halde fram med kartleggingsarbeid og motivasjonsamtalar i helsetenesta sitt arbeid hjå lege og jordmor.

2. Oppnå betre samhandling mellom kommunen sine tenesteytarar. Samarbeid på tvers av avdelingar og etatar (inklusive politi og interkommunale instansar) for å førebyggje rusmisbruk og kunne gje rusmisbrukarar og deira pårørande den oppfølging og behandling dei treng.

Strategi:

Jamnlege tverrfaglege samlingar med fokus på *ivaretaking* av brukar, *effektivitet*/flyt mellom einingane og tydeleg *ansvarsfordeling*. Leggje temaet inn i den faste møtestrukturen. I Radøy i dag er NAV sosial tilført midlar innan rusfeltet. Likevel ser ein at andre sektorar, t.d. politi, må inn i eit tettare samarbeid der rus og kriminalitet går i kvarandre. Andre samarbeidspartar er avdeling helsetenester for folk med psykiske lidingar i kommunen, og som allereie nemnd, spesialisthelsetenesta, avdeling Rusmedisin i Helse Bergen. Sistnemnde har ein allereie eit samarbeid med i høve tidlegare prosjektsøknad. Nordhordland legevakt i Knarvik som er interkommunal, har tradisjon for samarbeid på tvers av kommunegrensene.

3. Tilby rusmisbrukarar heilskapleg oppfølging og rehabilitering

Strategi:

Få ein brei, samla oversikt over kommunen si rusomsorg; kva som finst av tilbod i kommunen per i dag og kva som manglar. Innføre Individuell Plan (IP) i arbeidet med alle rusmisbrukarar. Formalisere samarbeidet med spesialisthelsetenesta ved avdeling for Rusmedisin i Helse Bergen.

4. TILTAK

4.1 Allmennførebyggjande tiltak

Mykje av det daglege arbeidet i einingane kan sjåast på som rusførebyggjande. Dette kan t.d. vere haldningsskapande arbeid i skulane og informasjon til foreldre og ungdom om biverknader ved rus av jordmor og helsesøster.

Radøy kommune vart frå mai 2009 ein "lokalsamfunn med MOT-kommune". Dette bidreg til å setje fokus på haldningsskapande arbeid. Indirekte bidreg vi alle til det førebyggjande arbeidet ved m.a. å gje barn og ungdom ein trygg oppvekst, og ved å vere gode førebilete. Det at menneske i lokalsamfunnet ser kvarandre, møtest, følgjer med og tek seg tid til å prate og inkludere kvarandre i det store fellesskapet er i seg sjølv både rusførebyggjande og generelt helsefremjande. T.d. kan foreldre som møter opp på barn sine aktivitetar og blir kjent der, lettere ta kontakt med kvarandre dersom det oppstår problem kring ungdomane.

Radøy kommune har nyleg vedtatt ei omfattande Kvalitetsmelding for oppvekstsektoren der fokus er tidleg intervensjon, tidleg innsats og tverrfagleg arbeid. Førebyggjande arbeid er gjennomgangsmelodien i heile kvalitetsmeldinga.

Radøy kommune har også vedtatt Kulturplan 2011 – 2020. Dette er ein omfattande plan med mange tiltak. Blant dei overordna måla finn ein at det skal satsast på kulturtilbod til barn og unge og Kultur for born og unge er eit eige kapittel i planen. Under dette kapittelet er det lagt opp til svært mange tiltak som i høgste grad må sjåast som rusførebyggjande tiltak.

Konkrete tiltak:

- Tilsetjing av ungdomskoordinator mai 2011
- Utvikle møteplass for ungdom i Radøyhallen
- Utvikle rusfrie møteplassar i eksisterande lokale kring i kommunen i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- Halde fram det aktive arbeidet som MOT-kommune
- Vidareføre samarbeidsprosjektet ungdomskontakten SALTO i Knarvik senter
- Rusfrie aktivitetar/arrangement på ”risikodatoar” t.d. 16. mai
- Ung jobb-tiltak i sommarferien
- Haldningsskapande samlingar med lag og organisasjonar
- Leiaropplæring i lag og organisasjonar
- Haldningsskapande arbeid blant foreldre (temakveldar, kurs, brosjyrar) gjerne i samarbeid med politi og helseetat
- Ungdomsrådet som aktiv deltakar i førebyggjande arbeid
- Vidareføra samarbeidet kring Helsestasjon for ungdom
- Auka kulturmidlar til lag og organisasjonar som driv førebyggjande arbeid blant barn og unge
- Prioritere tilskot til rusfrie arrangement
- Laga brosjyre/vedlegg i samband med tildelt skjenkeløyve
- Leggje til rette for leikeplassar/leikeområde ved regulering av bustadfelt

4.2 Førebyggjande tiltak overfor risikoutsette grupper (samhandling)

Det viktigaste førebyggjande arbeidet overfor risikoutsette grupper er det tverrfaglege samarbeidet i kommunen. Per i dag har det tverrfagleg teamet møte med ujamne mellomrom. Tverrfagleg team er no i ein prosess med fokus på samarbeidsform og innhald i møta. Politirådet har møte med varierende intervall.

Konkrete tiltak:

- Tverrfagleg team, faste møte i ny form
- Helseteam ved alle skulane
- ”Frå bekymring til handling” – personalmøte/kursdag for tilsette i barnehagar og skular
- ”Frå bekymring til handling” – møte for lag og organisasjonar
- Tilbod om aktivitetstaktar til barn og unge i risikosona
- Interkommunal kursdag med fokus på eldre og misbruk
- Fortløpande og godt samarbeid med Oppfølgingstenesta i vidaregåande skule
- Formidle hjelp til tilsette med rusproblem gjennom AKAN-utvalet

4.3 Tiltak for å regulere tilgjenge av alkohol

Det er godt dokumentert at dei mest effektive førebyggjande verkemidla er det som reduserer tilgjenge til alkohol. Det kanskje viktigaste førebyggjande arbeidet skjer i lokalmiljøet gjennom forvaltninga av alkohollova. Alkohollova gir kommunen utstrakt fridom til å bestemme eigen alkoholpolitikk.

Radøy kommune vil føre ein ansvarleg løyvepolitikk som reduserer dei skadeverkande konsekvensar på individ og samfunn som alkoholbruk kan medføre.

Kommunen kan tildele fire slags skjenkeløyve:

- Allment skjenkeløyve
- Skjenkeløyve til slutta selskap
- Løyve for eit enkelt høve/ein bestemt del av året – gjeld for opne arrangement som t.d. dansetilstellingar, festivalar, revy
- Ambulerande skjenkeløyve – gjeld skjenking til slutta selskap

Radøy kommune set ikkje tak på talet på løyve, men målet er at talet skal haldast på eit lågt nivå.

Det er normalt ikkje krav om løyve ved reint private arrangement som bryllup, fødselsdags-selskap eller andre jubileum så sant det ikkje blir tatt betaling for drikke.

Løyveperioden er fire år og følgjer kommunestyreperioden. Kommunalt løyve opphøyrer seinast 30. juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer, jf. Alkoholova § 1-6.

4.3.1 Generelle retningslinjer

Det skal ikkje serverast alkohol i kommunal regi.

Det skal ikkje gjevast allment skjenkeløyve for serveringsstader i tilknytning til idrettsanlegg, i idrettshall og liknande i nærleiken av skular og barnehagar. Det skal ikkje gjevast skjenkerett ved idrettsarrangement i nærleiken av skular og barnehagar.

Skjenkeløyve for eit enkelt høve i lokale i tilknytning til idrettsanlegg, skular og barnehagar kan gjevast etter ei konkret vurdering. Dersom det i statuttane for huset er forbod mot alkoholservering, kan løyve ikkje gjevast. Det kan berre gjevast løyve til skjenking av øl og vin.

Det skal ikkje gjevast skjenkeløyve ved arrangement som er rekna for bl.a. barn og unge.

Salsløyve for alkoholhaldig drikk kan berre gjevast til daglegvarebutikkar.

4.3.2 Handsaming av søknad og vilkår for sals- og skjenkeløyve

Dei enkelte søknader om sals- og skjenkeløyve for alkohol skal behandlast i samsvar med heile handlingsplanen, slik at Radøy kommune får ein heilskapleg rusmiddelpolitikk. Kvar søknad om sals- eller skjenkeløyve skal vurderast konkret.

Radøy kommune kan nekte å gi sals- eller skjenkeløyve på grunnlag av negativ uttale frå politiet om søkjaren sin vandel når forholdet har samanheng med alkoholova eller anna lovgjeving som har samanheng med alkoholova sitt føremål, eller frå skatte- og avgiftsmynde om vandel i forhold til denne lovgivinga.

Ved tildeling av løyve skal det leggjast vekt på skjenkelokalet si plassering, storleik og om lokalet er eigna, samt målgruppe for verksemda. Det skal også kunne leggjast vekt på negativ erfaring med tidlegare driftsform, om lokalet er eigna, problem med orden og trafikk, og omsynet til lokalmiljøet elles. Ved tildeling og fornying av løyve skal det leggjast vekt på om

søkjaren er eigna til å ha sal eller skjenkeløyve. Det kan takast omsyn til tidlegare dårleg erfaring med søkjaren si utøving av løyve i form av mellom anna:

- brot på vilkår som er sett for løyvet
- brot på skjenke- eller aldersføresegner
- endring av driftskonsept utan godkjenning
- klanderverdige ordensforhold ved serveringsstaden
- brot på reklameføresegner

Endring som gjeld vandel til søkjaren, skal det kunne leggjast vekt på ved fornying.

Innføring av aldersgrense på einskilde arrangement blir vurdert individuelt og kan setjast som vilkår for skjenkeløyve. På stader der driftskonseptet kan vere ulikt på dag og kveldstid, kan det vere aktuelt å innføre aldersgrense berre om kvelden.

Internkontrollrutinane skal liggje ved søknaden og vere et vilkår for å få allment sals- eller skjenkeløyve. Likeså gjennomgått kunnskapsprøve og kurs for ansvarleg vertskap. Styrar og stedfortredar må ha dokumenterte kunnskarar om alkohollova og reglar gjeve i medhald av den. Kravet er oppfylt ved bestått kunnskapsprøve.

Kommunen v/Kultur- og sørvistorget arrangerer kunnskapsprøve etter alkohollova ved behov. Kravet om dokumenterte kunnskarar må vere oppfylt før styrar og stedfortredar kan bli godkjende i verksemd som søker om løyve etter 1. juli 2011.

Radøy kommune skal informere alle eigarar av forsamlingslokale om lova sine krav i samband med gjevne løyve.

4.3.3 Sals- og skjenketider i henhold til alkohollova

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk (gruppe 1 - høgst 4,7 volumprosent) kan skje til følgjande tider:

- Måndag – fredag kl. 08.00 – 20.00
- Dagar før søn- og helgedag (unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag) kl. 08.00 – 18.00

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk skal ikkje skje på søn- og helgedagar, 1. og 17. mai og på røystedagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkerøysting vedteke ved lov, jf. alkohollova § 3-7 tredje ledd.

Kommunestyret gjer vedtak om skjenketider i Radøy kommune, men det er forbode å skjenke øl og vin mellom kl.02.00-06.00 og alkoholhaldig drikk med 22 volum % eller meir mellom kl. 02.00-13.00 (alkohollova §4-4). Formannskapet kan i heilt spesielle enkelthøve gjera unntak frå dette forbodet.

Konsum av skjenkt alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minuttar etter utløp av skjenketida.

4.3.4 Gebyr

Kommunen skal med heimel i alkohollova fastsetje gebyr for sals- og skjenkeløyve. Gebyra skal sikre kommunen ei viss dekning av utgifter til søknadsbehandling og kontroll. Kommunen vil følgje satsane i lova og forskrifta for innkrevjing av gebyr, jf. forskrifta § 6-2.

Gebyret for allmenne løyve blir fastsett for eitt år om gongen for kvart enkelt løyve på grunnlag av forventa omsett mengde alkoholhaldig drikk.

For løyve som gjeld skjenking ved eit einskildhøve vert det gjort ei skjønsmessig vurdering av storleiken på gebyret ut frå omsetnad og type arrangement. Minstegebyret er f.t. kr 250,-

For ambulerande løyve vert det krevd eit gebyr på f.t. kr 250,- pr. gong, jf. forskrifta § 6-2.

Gebyra skal nyttast til å syte for kontroll med at alkoholomsetjinga i Radøy kommune er i samsvar med lova.

4.3.5 Kontroll

Formannskapet er Radøy kommune sitt kontrollutval etter alkohollova § 1-9. Funksjonstida følgjer kommunestyreperioden. Som kontrollutval har formannskapet ansvar for kontrollen med kommunalt skjenkeløyve, salsløyve for øl og skjenkeløyve gjeve av departementet etter alkohollova § 1-9. Formannskapet skal gje uttale i samband med inndraging av løyve.

Det skal førast kontroll med alkoholomsetjinga i Radøy kommune. Kvar sals- og skjenkestad skal kontrollerast minst to gonger kvart år, og det skal utførast minst tre gonger så mange kontrollar som det finst sals- og skjenkestader, jf. forskrift § 9-7. Kontroll av sals- og skjenkestader skal gjerast av engasjert kontrollør. Radøy kommune tek her del i den interkommunale ordninga for Nordhordlandskommunane. Kontrollørane utarbeider skriftleg rapport om kontrollbesøka. Det er ynskjeleg med ein samla årsrapport frå kontrollør.

4.3.6 Delegasjon

Ansvar i høve til alkohollova vert fordelt slik:

a. Kommunestyret

- Vedta ruspolitisk handlingsplan, jf. alkohollova § 1-7d
- Tildeling av sals- og skjenkeløyve for ein 4 års periode, jf. alkohollova § 1-6

b. Formannskapet

- Inndraging av sals- og skjenkeløyve i samband med brot på alkohollova, jf. alkohollova § 1-8
- Permanent utviding av sals- og skjenkeområde (vesentleg utviding)

c. Rådmannen

- Godkjenne skifte av løyvehavar i løyveperioden, jf. alkohollova § 1-4b
- Godkjenne ny styrar og vikar for styrar i løyveperioden, jf. alkohollova § 1-7c
- Tildeling av løyve for eit enkelt høve, jf. alkohollova § 1-6
- Tildeling av ambulerande skjenkeløyve, jf. alkohollova § 4-5
- Utviding av skjenketida for eit enkelt høve, jf. alkohollova § 4-4
- Utviding og flytting av skjenkelokalet for eit enkelt høve, jf. alkohollova § 4-2
- Utskriving av gebyr for sals- og skjenkeløyve etter alkohollova

5. OPPFØLGJING OG REHABILITERING AV RUSMISBRUKARAR

Kommunen har etter sosialtenestelova § 6-1 ansvar for å tilby behandling til rusmisbrukarar som ynskjer dette. Kommunen har ansvar for å hjelpe den enkelte å koma bort frå misbruk av alkohol og andre rusmiddel. I tillegg skal det gjevast råd, rettleiing og hjelp til rusmisbrukaren sin familie. I Radøy kommune er sosialtenesta underlagt NAV. Det vert gjeve tilbod om behandling i institusjon, samt oppfølging før, under og etter behandlingsperioden.

Rusproblematikk skuldast ofte multifaktorielle årsaker, noko som krev ei omfattande og heilskapeleg oppfølging. Det kommunale hjelpeapparatet må difor arbeide tverrfagleg i stor utstrekning. God behandling og ettervern krev såleis eit utstrekt tverrfagleg samarbeid mellom NAV, legeteneste, psykiatriteneste, heimesjukepleie, helsesøster/jordmor, barnevern og spesialisthelseteneste.

I Radøy kommune gir NAV, psykiatriske sjukepleiarar og fastlege, eit tilbod for rusmisbrukarar i form av bl.a. samtalar, medisiner, gjeldsrådgjeving og arbeidstilpassing. På legekantoret vert det utført kontrollprøvar etter rekvirering frå blant anna NAV og barnevernet. Dette er tidkrevjande og dyre prøver. Per i dag har dei færreste brukarar ein Individuell Plan (IP), mens fleire har ei ansvarsgruppe rundt seg. Bruk av IP vil sannsynligvis føre til betre samhandling, større effektivitet og mer målretta behandling. Det er for tida lite faste rutiner på samarbeid mellom einingane, noko som det er behov for å gjere noko med. Spesialisthelsetjenesten (Rus-/psykiatrisk poliklinikk, Helse Bergen) har faste møte med kommunen og kan bli innkalt ved behov på konkrete saker. For nokre rusmisbrukarar kan bustadsituasjonen vera prekær, og midlertidige løysingar gjer livssituasjonen ustabil. For å kome i behandling på institusjon krevst det at vedkomande har bustad, noko som ikkje alltid er tilfelle og her har kommunen eit ansvar. Dersom privat bustad ikkje let seg ordna, må kommunen vurdere om trygdebustad eller omsorgsbustad kan vera beste løysinga på bustadbehovet. Dess tidligere ein rusmisbrukar får hjelp med dei ytre rammene, desto større er sjansen for at vedkomande kjem seg ut av misbruket. Pr. i dag treng ein fleire bustader som kan disponerast til rusmisbrukarar.

Psykiatritenesta deltar jamnleg på kurs som omhandlar rusmisbruk og dobbeltdiagnosar (rus/psykiatri).

Konkrete tiltak:

- Implementere Individuell Plan (IP) som metode i kommunen
- Innføre faste samarbeidsmøte mellom NAV, lege og psykiatritenesta
- Formalisere samarbeidet med spesialisthelsetenesta og med omsyn til rettleiing av personale
- Koordinere lågterskeltilbod
- Kompetansehevingstiltak for tilsette
- Opplæring og oppfølging av aktivitetstaktar
- Fleire kommunale bustader for rusmisbrukarar

6. GJENNOMFØRING OG OPPFØLGING AV PLANEN

I planperioden har kvar einskild eining ansvar for oppfølging av tildelte ansvarsområde som er skissert i planen.

Dei fleste tiltaka i handlingsplanen vil kunne gjennomførast innanfor ordinær drift. Andre tiltak må drøftast i samband med budsjettprosessen då dei har økonomiske konsekvensar for einingane. Dette gjeld t.d. bustader til rusmisbrukarar, drift av Møteplass for ungdom, tilskot til rusfrie ungdomsarrangement, utviding av tilbodet om aktivitetstaktar, kartlegging og metodeutvikling m.v.

Den nyleg vedtekne Samhandlingsreforma gjev uttrykk for at dagens ressursbruk ikkje er berekraftig, og at kommunehelsetenesta må styrkjast slik at viktige helsetenester kan verta løyst lokalt. Samhandlingsreforma skal verta konsentrert om område og pasientgrupper der samhandling har særleg store konsekvensar for tenestetilbodet til pasienten – m.a. rusmisbrukarar. Det vil difor vera naturleg at Ruspolitisk handlingsplan vert revidert i

samband med samhandlingsreforma. Dette bør derfor gjerast i løpet av kommunestyreperioden 2011 – 2014.